

VOSS SENTERPARTI

Kommuneval 2023

Fleire kandidatar NÆR DEG:

11. **Marianne Gjerald**, Bordalen, 1974. Barnehageleiar.
12. **Morten Gunnar Samskott**, Haugsvik. 1954, Bonde.
13. **Sturla Hommedal**, Vossestrand, 1994. Lærer.
14. **Ole Morten Matland**, Brynali, 1967.
Vaktmeister og brannmann i Voss herad.
15. **Elin Dugstad Veseth**, Kyte, 1969. Sjukepleiar.
16. **Knut Vike**, Palmafossen, 1965.
Gründer, bygningstømrar og bonde.
17. **Elisabeth Hallanger Bø**, Tjukkebygda, 2005.
Elev ved Voss Vgs.
18. **Ole Jørgen Rio**, Skulestadmo, 1974. Entreprenør.
19. **Britt Lilly Græe Hylland**, Kløve, 1988.
Rådgjevar i landbruket /Sjølvtendig næringsdrivande.
20. **Audun Brekke**, Brekke, 1974.
Vedlikehaldsleiar Granvin Bruk.
21. **Anna Lussand Selheim**, Vangen, 1997. Sjukepleiar.
22. **John Almeland**, Skulestadmo, 1977. Bonde.
23. **Jannicke Ophaug**, Bjørgum, 1974. Grunnskulelærer.
24. **Andreas Jordalen**, Hamre, 2001. Sagbruk operatør.

Kandidatane 1-10 er nærare presentert i heftet.

*Møt oss,
få ein kopp kaffi
og slå av ein prat!*

Direkte på NRK 5. august:

Sjå debatten kl 16.00!
Sending frå Tinghuset

19. august: Torget: 11.00-14.30
Amfi: 11.15-14.15

26. august: Vossestrand: 10.00-13.30
Skulestad: 11.15-14.15
Torget: 11.00-14.30

1. september: Granvin: 15.30-18.00

2. september: Evanger: 10.00-13.30
Palmafossen: 11.15-14.15
Torget: 11.00-14.30

9. september: Torget: 11.00-14.30
Amfi: 11.15-14.15



Hugs å stemme på
Senterpartiet og Tonje
i fylkesvalet!



VOSS SENTERPARTI



Kommunevalprogram 2023



Senterpartiet
Voss

“Voss Senterparti ynskjer å ta heile
Voss herad i bruk”

Tonje Såkvitne.



Ta heile Voss herad i bruk

- Legga til rette for **byggjefelt** i nærleiken av kommunale tenester
- I grendene skal det vera opning for **strøtomter**
- Like føresetnader for **næringsutvikling** i heile heradet
- Oppretthalde **kommunale vegar** for fastbuande
- Sikre **gode tenester** for innbygarane våre i heile heradet
- Legge til rette for **aktivitet** og aktivt **fylgje opp initiativ** i grendene våre



Framsida: Endre Evensen, Hilde Lussand Selheim,
Tonje Såkvitne, Samson Hamre.
Foto: Tunnel, Sauer på beite: Frida Meyer.
Dagsturhytte. Foto: Svein Ulvund.

Oppvekst

- Sikre god **svangerskaps- og barselomsorg**
- **Barnehageplassar** der ein bur
- Utvikle **mattilbodet** i skule og barnehage
- Vidareføring av **skule- og barnehage**struktur
- Styrkja **barnevern**stenesta
- Auke **ressursane** i grunnskulen
- **Trivsels** Leiar-midlar til Vossaskulane
- **Miljøarbeidarar** i skulen
- Meir praktisk **læringsarbeid** og tilbod om alternativ skuledag
- **Sløydsal**/praktisk klasserom på alle skular
- Vidareføre og satse på **arbeidslivsfaget**
- Utbetring av **Skulestad skule**
- Utvikle det **tverrfaglege samarbeidet** i Vossaskulen
- **Nei til privatisering** av grunnskulen
- Heradet skal ha aktivt **rusførebyggande** arbeid
- Gode vilkår for **læringar** i kommunen



GRAFISK DESIGN: LJAGA

Foto: Barnehage/skule: Frida Meyer.
Høvelbenk: Annelaug Hauge Såkvitne.

Sp - nær folk



"Tilgjengeleg psykisk helsehjelp for ungdom"

Granvinsfjorden.
Foto: Leif Kåre Havås

Ungdom

- Henteordning for ungdom
- Sikra fritidsaktivitet og møteplassar med trygge vaksne i heile heradet
- Tilgjengeleg psykisk helsehjelp for ungdom
- Handlingsplan for ufrivillig fråvær
- Utvikla motorsport tilbod for ungdom
- Trygge arenaer for å utøva e-sport



Foto: Segifygar: Frida Meyer.
Grindbygg: Hilde Lussand Selheim.

Miljø

- Vossaklima og vedteken plaststrategi skal vere førande
- Prioritere jordvern og lage ein jordvernplan
- Ja til nydyrking
- Legge til rette for aktivt jord-, skog- og beitebruk med CO2 fangst
- Få på plass ein beitebruksplan i Voss herad
- Få på plass ein matsvinnstrategi i Voss herad
- Få på plass ein gjenbrukstrategi i Voss herad
- Støtte bedrifter som satsar på reparasjonar av klede, sko og kvitevarer
- Alle nye bygg skal vurderast bygd med heiltre
- Nei til vindmølleparkar i Vossafjella
- Legge til rette for sykkelbruk og sykkelstiar




Bustad

- Alle skal ha ein trygg plass å bu
- Bu trygt heime så lenge ein ynskjer
- Vaktmeister teneste i heile heradet
- Heradet skal drive ein aktiv bustadpolitikk
- Leige til eige
- Utnytte potensiale for husvære på Vangen
- Levande bygdelag i heile Voss herad
- Endre den kommunale bustadstrukturen på Bjørgum i favør barnefamiljar



Foto: Sauer og Vangen:
Frida Meyer.
Kyr på beite:
Hilde Lussand Selheim.



"Alle skal ha ein trygg plass å bu"

Stalheim.
Foto: Frida Meyer



“Tryggleik i alle livsfasar”

Hedler, Lussand.
Foto: Hilde Lussand Selheim

Helse

- Tryggleik i **alle livsfasar**
- Styrkja lågterskeltilbod i **psykisk helse** og **rusarbeid**
- Eit aktivt **Friskliv** og **Meistringstilbod**
- Auke **omsorgsstønad**
- Innføre ein **pårørandeavtale**
- **Førebyggjande** helsearbeid i heile heradet
- Satsa på **velferdsteknologi**, behalda varme hender
- Legge til rette for **opplæring** og **utdanning** av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar
- Unngå ufrivillige **deltidsstillingar**
- Rett **kompetanse** til rett oppgåver
- Rekruttera og behalda **helsepersonell**
- Sikra nok **langtidsplassar** i sjukeheimane
- Auka grunnbemanning i **helse** og **omsorg**
- Behalda vedteken **legkontorstruktur**
- Legge til rette for **spesialhelseteneste** på Voss
- Nok **eldre-** og **omsorgsbustader** i heile heradet



Foto: Stor og lita hand: Annelaug Haugse Säkvitne.
Skarv: Leif Kåre Havås.

Kultur og fritid

- Arbeida for **lågare kostnad** på kulturskule
- Auka **kulturskuletilbodet** i heile heradet



- **Idrett** for alle
- Leggja til rette for **breiddeidrett**
- Leggja til rette for større **idrett- og kulturarrangement** i Voss herad
- Støtte opp under eit **breitt kulturtilbod**
- Sikre bevaring og utøving av dei **lokale tradisjonane**

- Styrka Voss **frivilligsentral**

- Støtte **lagslivet** på Voss
- Støtte initiativ til **motor** og **aktivitetspark**
- Utvikle **Gamlekinoen** til eit kultur senter
- Støtte etablering av nasjonalt **Bergslie kunstcenter**
- Syte for å **vedlikehalde kyrkjebygga**



Foto: Gitar: Svein Ulvund
Kyrkjebåt: Leif Kåre Havås.
Telefonboks/diktomat: LJAg.



“Leggja til rette for større idrett- og kulturarrangement i Voss herad”

Vangsvatnet og kulturhuset.
Foto: Frida Meyer





Sp - nær folk

“Sikre landbruket og skogbruket gode vekstvilkår”

Hogst i Aosen, Granvin.
Foto: Leif Kåre Havås



Næring

- Næringslivet treng **K5**
- Planlegge for **næringsareal på Bolstad** med framtidig K5
- **Fiber og mobilnett** i heile heradet
- Pådrivar for **regionalt nærings samarbeid** i Indre Vestland
- Sikra **gode rammevilkår** for industri, entreprenørar og handtverkarar
- Sikre landbruket og skogbruket **gode vekstvilkår**
- Sikra bruk av **beite til matproduksjon**
- Samordne og **forenkle** dei kommunale **tilskotsordningane** for landbruket
- Støtta landbruksnæringa med **lokalforedling**
- Legge til rette for lønsam og **berekraftig turisme** i heile heradet
- Berekraftig utvikling av Voss som hytte og **turistdestinasjon**
- Auka bruk av **lokale leverandørar** og aktørar
- Desentralisert **høgskule/universitetsutdanning** på Voss



Sp - nær folk

Sentrumsutvikling

- **Fortetting** i sentrum
- Ta **heile bygningsmassen** i sentrum i bruk
- Legga til rette for **detaljhandel** på Vangen
- Gratis **parkering** i 30 min i sentrum
- **Parkeringsordning** for kommunalt tilsette
- Sikra **grøne lunger** og Prestegardsmoen
- Etablere **leikeareal** for dei minste i sentrum
- **Bubilplass** på Tvildemoen



Foto: Ladestasjon, Aktivitetspark og Kraftverk: Frida Meyer

Samfunnstryggleik og beredskap

- Høg prioritet på å få bygd **flauntunellar**
- Høg prioritet på lokal **flaumsikring**
- Satse på **framtidretta energi-produksjon** som vasskraft, solenergi og bioenergi
- Lokal **matproduksjon** er beredskap
- Naudsynte **matlager** på institusjonane i heradet
- Eit sterkt **heimevern** og **sivilforsvar** lokalt
- Oppretthalda **brannstasjonar** i heile heradet
- Kommunalt **nyttårsfyerverkeri**



Sp - nær folk

Foto: Hytter, Industri og jordbruk: Frida Meyer.
Utegrisar: Hilde Lussand Selheim.



“Høg prioritet på lokal flaumsikring”

Evanger.
Foto: Svein Ulvund

1. Tonje Såkvitne

Tonje Såkvitne 30 år, grunnskulelærer og oppvaksen på gard.

Bur i Granvin, gift sommaren 2023 og har to born i barnehagealder. Eg stiller til val som ordførarkandidat for at eg er levande engasjert i lokalsamfunnet vårt og motivert for å arbeide med politikk fulltid. I meg vil de få ein ordførar som har solide Senterparti-verdiar, gode røter, tryggleik i å stå for det ein meiner, har evne til å lytte, samarbeide og møter alle med respekt. De vil få ein ordførar som vil arbeide for å betre tenestene våre, vil stå på for bygda og innbyggjarane våre og som ikkje vil vere redd for å utfordre og tenkje nytt. I ryggen har eg ein solid gjeng klare for å gjere det beste for heile heradet vårt.



2. Samson Hamre

Samson Hamre 66 år, har vore lærar og rådgjevar, er no fruktdyrkar.

Bur på Tjoflot, gift med Annbjørg, tre vaksne barn. Oppteken av lokalsamfunn, samfunnsutvikling og landbrukspolitikk. Hobby er jakt og fjellpolitikk.



3. Hilde Lussand Selheim

Hilde Lussand Selheim 52 år, sjølvstendig næringsdrivande gardbrukar, veterinær og lokalmatprodusent.

Opphavgleg frå Granvin, bur på Selheim og har fire vaksne barn. Politiske saker eg brenn for:

- Jordvern, matproduksjon og lokal handel.
- Flaumsikring med flaumtunellar som tek vatn ut av vassdraget.
- Fleire kommunale eldre- og omsorgsbustader, med fellesareal og tenester som middag og aktivitet.
- Varm mat i alle barnehagar
- Næringsutvikling på lokale ressursar.



4. Endre Evensen

Endre Evensen 43 år, sjølvstendig næringsdrivande.

Bur på Kvåle i Gullfjorden med 3 barn og sambuar, me driv eit generasjonsbruk med sauehald. På fritida driv eg med vedlikehald av veteranbilar og kulturlandskap. Lokalpolitisk jobbar eg for:

- Oppretthalda kommunale vegar i heradet
- Vidareføra og utvikla arbeidslivsfaget i Vossaskulen
- Skapa god aktivitet for all ungdom i heile heradet
- Nei til Vindturbinar i fjella i heradet
- Flaumsikring med flaumtunellar
- Prioritere jordvern og utarbeide ein jordvernplan



5. Helena Elvatun

Helena Elvatun 33 år, landbruksrådgjevar.

Bur i Folkedal og har nokre sau. Eg er oppteken av landbruk, jordvern, levande grender i heila heradet og gode kommunale tenester slik at folk trivst i heila heradet.



6. Kim Erik Meeg

Kim Erik Meeg 43 år, jobbar som lærar og miljøarbeidar på Voss VGS.

Bur på Dyrvedalen, gift og har 4 barn. Likar å vere ute i naturen, gjerne på fisketur. Brenn for lokalmiljø og liv i grendene og at barn og eldre skal ha det bra.



7. Siri Stuve Elvatun

Siri Stuve Elvatun 35 år, leiar for psykisk helse og rusarbeid i Voss Herad.

Oppvaksen på gard i Kvam, gift med bonde i Folkedal, 3 barn. På fritida er det familie og hest som er prioritert.

- Opptatt av levande bygder og gode helsetenester for alle.
- Har eit stort engasjement for landbrukspolitikk og sikra bøndene gode vilkår for å halda fram med ei berekraftig drift.



8. Sigurd Tyssen

Sigurd Tyssen 23 år, jobbar for Trå & Velken Skogsdrift AS, samt er også ammekyrbonde.

Bur på Tyssen ved Bolstadfjorden.

Landbruket og skogbruket er noko av det eg brenn mest for, men også samferdsel og det å ta vare på bygdene rundt om er veldig viktig for meg.



9. Kari Nestaas Ruud

Kari Nestaas Ruud 36 år, jobbar som rådgjevar i Hordaland jordskifterett på Voss.

Frå Bulken og har 3 born.

Det å skapa levande bygder, lokale arbeidsplassar og eit godt samspel i lokalmiljøet er noko av det som engasjerer meg.

Eg er også oppteken av å auke norsk matproduksjon og med det leggje til rette og ivareta landbruksbygda vår.



10. Erik Røthe Klette

Erik Røthe Klette 47 år, jobbar som lokfører.

Bur i Haugamoen. Er pilot og engasjert i flymiljøet på Voss. Lokalpolitisk jobbar eg for framtida til Bømoen.

